



SAKSFRAMLEGG

Planstrategi, skildring av nasjonale forventningar og lokale utfordringar

Utvalssak	Utval	Møtedato
9/24	Hovudutval for helse og omsorg (HOM)	11.03.2024
8/24	Hovudutval for oppvekst og kultur (HOP)	11.03.2024
17/24	Hovudutval for plan, utvikling og klima (HPUK)	11.03.2024
17/24	Formannskapet (FS)	14.03.2024

Bakgrunn for saka

Kommunestyret skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta kommunal planstrategi. Jfr. Plan- og bygningslov § 10-1.

Kommunal planstrategi er eit verktøy for det nye kommunestyret til å vurdere utfordringar og planbehov i valperioden.

Prosjektplan for planstrategi vart vedteke av kommunestyret 8. februar 2024. Det følger av prosjektplanen at skildring av nasjonale forventningar og lokale utfordringar skal handsamast av formannskapet (styringsgruppe) i mars. Prosjektplan er lagt ved.

Det vert lagt opp til ein munnleg gjennomgang av statistikkmateriale felles for utvala. Dei einskilde utvala skal drøfte dei presenterte utfordringane, og fremje sine synspunkt i ein uttale til formannskapet. Utvala tek stilling til om det lokale utfordringsbilete er dekkande, om det er meir kunnskapsgrunnlag ein vil ha utarbeidd eventuelt lagt fram, og vidare korleis ein vil arbeide i medverkarprosessane.

Saksvurdering og konklusjon

Ein ferdig planstrategi skal bestemme kva planar kommunen skal arbeide med i den kommande periode (2024-2028), om gjeldande målsetnadar skal endrast, og om det skal utarbeidast nye planar på einskilde område.

Ut i frå prosjektplanen skal vi på dette stadiet av arbeidet peike på dei utfordringane ein treng å løyse framover, skissere medverkarsprosessane og prioritere arbeidsområder.

Dei nasjonale og regionale krav som skal takast omsyn til.

På nasjonalt nivå blir det sett krav til at planane skal ta omsyn til ;

- Samordning og samarbeid i planlegging
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Den regionale utviklingsplan ligg fram desse prioriteringane:

- Bygdeutvikling
- Klima og Energi
- Livskvalitet og like moglegheiter
- Naturmangfald og areal
- Verdiskaping og kompetanse
- Samarbeid om kunnskapsutvikling og innvovasjon

Lokalt i Gulen kommune er det sett mål i gjeldande kommuneplan, samfunnsdel for Gulen kommune. Måla er sortert under dei 7 satsingsområdene:

1. Organisasjonen Gulen kommune
2. Barn og unge
3. Det er godt å bu i Gulen
4. Næring og sysselsetting
5. Miljø, klima og forureining
6. Kultur, idrett og frivillig arbeid
7. Samfunnstryggleik og beredskap

Utfordringsskildringane er påverka av i kva grad ein vurderer at målsetnadene, nasjonale krav og lokale målsetnadar, kan bli nådd.

Kunnskapsgrunnlag

Administrasjonen arbeider med eit kunnskapsgrunnlag for Gulen kommune. Denne vil i si heile verte lagt ut på høyring saman med framlegg til planstrategi i august. Dei punkt som bli teke inn i kunnskapsgrunnlaget, er punkt som vil følgjast opp framover i tid. Eit utval av dette materialet er teke med i vedlagte presentasjon. Meir informasjon vil komme til i løpet av prosjektperioden.

Organisasjon og økonomi

Når det gjeld organisasjonen Gulen kommune har kommunestyret allereie teke ei avgjerd om at det skal gjerast ei vurdering av driftsnivået opp mot det å ha ei berekraftig

organisering. Her vil det bli utarbeidd eit materiale som vil verte teke med inn i planane våre. Ein må vidare ta høgde for at ein del av dei målsetnadar som er sett i gjeldande planverk, vil ha ei økonomisk side. Særleg gjeld dette i dei tilfelle nasjonale krav sett føringar for eller legg til grunn auka satsing. Utfordringsskildringa vil førebels verte skildra slik:

Kommunen har høge inntekter. Det er likevel slik at ein del av inntektene vert vurdert til å vere noko usikre slik at det er risikabelt å etablere full drift på heile inntektssida. Det vert vurdert at dei ordinære driftsutgiftene må reduserast for å skape økonomisk handlingsrom. Dette for at vi i framtida skal kunne møte dei utfordringane tenestene presenterer. Dette bakteppet vil ligge som gjennomgåande for dei skildringane som kjem nedanfor.

Oppvekst og kultur

Innan sektor for oppvekst og kultur, vil ein hovudsakleg ha ansvar innanfor satsingane, Barn og unge samt Kultur, idrett og miljø. Her er utfordringane skildra slik:

1. Økonomi og rekruttering: Samanlikninga av netto driftsutgifter per innbyggjer syner at Gulen kommune drifter barnehage og grunnskule dyrare enn snittet for Kostragruppe 06. Kultur og idrett og barnevern vert drifta billigare. Høg lærartettleik er ein av årsakene. Kommunen hadde i 2022 ein lærartettleik på 7,0, medan Kostragruppe 06 hadde i snitt 8,7. Landet og fylket hadde høvesvis 12,7 og 12,5. For barnehage har kommunen gode tal viss ein ser heile kommunen under eitt. Ein har likevel hatt utfordringar med å oppfylle pedagognorma i alle barnehagane. I Snitt 18 born pr barnehage.
2. Trivsel: Elevundersøking i 7. trinn viser uheldig auke i tal saker vedk. mobbing. Elevane i Gulen på 7. trinn svarer i snitt 3,6 på kor godt dei trivst på skulen. 5 er høgaste moglege svar. Snittet for fylket og landet er 4,0.
3. Møtestadar: I 2021 svarte ungdommen at dei er lite nøgde med treffstadane i kommunen. Låg svarprosent. Avstandane i kommunen gjer det utfordrande å få til gode og naturlege treffstadar for på tvers av krinsane. Kommunen er mellom anna i gong med MOT-arbeid, som vil legge til rette for at ungdom vil kunne treffe kvarandre å tvers av krinsane, men òg på tvers av kommunegrensene.

Helse og omsorg

Innanfor helse og omsorg ser ein at det i stor grad er demografiendringane som møte dei største utfordringane. Utfordringsskildringane som ein vil framheve her er:

4. Aukande tal eldre: I perioden 2023 til 2048 vil tal eldre over 80 år nærmast doble seg, frå 157 til 295 personar. Dette gjer at vi må forvente aukande behov for helse- og omsorgstenester framover. Per mai-23 hadde om lag 10% av våre innbyggjarar over 80 år sjukeheims plass. Dersom helsetilstanden i denne gruppa held seg på same nivå som i dag, kan vi forvente ei dobling av behov for sjukeheims plassar.
5. Konkurransen om arbeidskraft vert større. Sidan alle kommunar vil stå ovanfor utfordringar med å rekruttere fleire helsepersonell i ein kvardag der andre bransjar også jobbar for å rekruttere dei same personane, vil det derfor vere vanskeleg å sjå

for seg at helse – og omsorgstenestene i Gulen kommune kan rekruttere oss vekk frå denne utfordringa.

6. I Gulen kommune har vi desentraliserte tenester. Dette er krevjande å drifte; både når det gjeld økonomi og bruk av personellressursen.

Samfunn

På samfunnssektoren er desse utfordringane skildra; dekker samfunnstilpassing for det er godt å bu i Gulen, næring og sysselsetting, miljø, klima og forureining og samfunnstryggleik og beredskap

7. Lite variasjon av bustadtyper, påverkar nye innbyggjarar, unge og eldre
8. Få mellomløysingar for unge og eldre med tanke på å kome tett på møtestadar (etablere gode møtepunkt for uformelle møtestader med mange nok menneske på kvar stad)
9. Manglar estimat for vekst fordelt i dei einskilde områda i kommunen og samsnacking av korleis ein vil ha auke tal tilpassa bustadtyper, til dømes forventning om kven som tek ansvar for å bygge ut (bustadpolitikk)
10. Treng tydeleg ressursinnsats og kompetanse på tverrfagleg planlegging for å møte krav til samfunnsomstilling. Det er mange pågåande planoppgåver som ein ressursmessig har utfordringar med å ferdigsstille.
11. Den samfunnsomstillinga som vi står ovanfor med rekrutteringsutfordringar, klima- og miljøtiltak og eigna boliger, gjeld både offentleg og private aktørar. Manglar samhandlingsplattformer som arbeider mot dei same målsetnadane. Kommunen bør sette delmål kring eigen næringsstrategi

Medverkarprosessane

Det er viktig at planstrategien vert godt jobba med både i dei politiske utvala og gjennom medverkarråda, i tillegg til innbyggjarinnspel. Framlegg frå prosjektleiar er at det vert lagt opp til at administrasjonen sin ansvarsperson for råda bestiller ein eiga gjennomgang og innspelsrunde i løpet av våre 2024.

Vidare ønsker prosjektet at det i samarbeid med politisk miljø vert sett opp eit innbyggjermøte. Kombinert digital og fysisk. Gjennomgang digitalt overført til lokale bygdemøter (med eigen møteleiar), som melder resultata inn til fellesskapet.

Planutvalet arbeider med utfordringane kring arealplan og spørsmål om områderegulering i mai 2024, og leverer ei uttale på det området i løpet av mai 2024.

Til slutt tenkar ein politisk innspel frå partia i juni, slik at utkast til planstrategi kan utarbeidast og sendast på høyring i august/september før endeleg vedtak i oktober (siste frist).

Kommunedirektøren si innstilling til vedtak

Administrasjonen tek utgangspunkt i dei skisserte utfordringane ovanfor og arbeider vidare med framlegg til planbehov for valperioden. Utkast til kunnskapsgrunnlag (dokument) og planbehov vert lagt fram for formannskapet i mai 2024.

Medverkarskildringar blir gjennomført slik det går fram i saksutgreiinga.

Vedlegg

- 1 Prosjektplan planstrategi Gulen kommune
- 2 Utfordring pp planstrategi
- 3 Kommunal planstrategi – forventningsbrev frå Statsforvaltaren til kommunane sitt arbeid med plan.pdf
- 4 Kommunal planstrategi - synspunkt frå Vestland fylkeskommune til kommunane i Vestland